


Utarbeida: 28.10.04
Revidert: 08.11.04
Revidert: 07.03.05

SKODJE KOMMUNE



**RETNINGSLINJER FOR BYGGING AV NAUST MED TILHØYRANDE ANLEGG I
SKODJE KOMMUNE**

VEDTEKE AV KOMMUNESTYRET DEN 30.03.2005

1 GENERELT

Retningslinjene gjeld for heile kommunen og er retningsgivande for pågående og det framtidig planarbeidet og bindande for bygesakarbeidet.

I tilfelle der det ligg føre vedtekne arealplanar og reguleringsplanar som er i strid med retningslinjene, vil desse juridisk gå føre retningslinjene. Retningslinjene vil då berre gi eit grunnlag for å vurdere om gjeldande plan bør endrast eller ikkje.

Landskapet er bakgrunn og basis for utforminga av ein stad. Det som bør vere basis i bygesaker er karakteren i det aktuelle området - kvalitetar som ein finn i landskapet og det som er bygd i landskapet.

Nye bygg må vere med å styrke det etablerte utbyggingsmønsteret. Nye bygg bør forholde seg til terreng og landskap på same måte som eksisterande bygningar. Hovudkarakteren i den eksisterande bygnad bør vere utgangspunktet for utforming av nye bygningar. Det er også viktig at detaljane i nye bygg samsvarar med detaljane i eksisterande bygnad.

Hovudkarakter tyder: Volum og dimensjonar, hovudform, materialbruk og fargeval. Volum og dimensjonar seier noko om bygget si lengd breidde og høgd. Hovudforma på eit bygg seier noko om bygget har ei heilskapleg form eller om det er delt opp i fleire volum, om det har saltak eller flatt tak.

Terrengformasjonar som krev store sprenging- og fyllingsarbeid bør ikkje verte utbygd.

Eit naust er definert som lager for båtar og fiskeutstyr.

Rorbu er definert som ein bygning med lager/oppbevaring av båt og fiskeutstyr i hovudetasjen og toppetasje som er innreidd for overnatting og opphold over ein avgrensa periode. Innreiinga har ein enkel standard.

Marina er definert som verksemd som er drev forretningsmessige ved vatn eller sjø for sal, vedlikehald, vinteropplag osv. av fritidsbåtar og utstyr for disse. Omfattar gjerne brygge med drivstoffanlegg, slipp, verkstad og til dels rom for sosiale aktivitetar.

Oppføring av rorbu og etablering av marina -anlegg og næringsverksemd i samband med desse kan berre finne stad i områder som i reguleringsplan er avsett for formålet.

Ved utarbeidning av reguleringsplan for naustområder må ein sikre nødvendig areal til gangveg på baksida av nausta.

Det kan leggast inn vatn i naustet, men berre til bruk som naturleg fell inn under vanleg naustbruk som til dømes rensing av fisk, spyling av båt og fiskeutstyr.

Naust kan vere tilknytt straumnettet og inntak og plassering av stolpar må avklarast med Ørskog Energi AS.

Ved byggemelding av naust skal det utarbeidast situasjonsplan som detaljert viser plassering av naust, biloppstillingsplass, veg, båtstøer m/vor og evt. andre konstruksjonar i strandsona.

2 PLASSERING

Naust kan berre byggjast i område som i kommuneplanen eller reguleringsplan eller anna godkjent plan er lagt til rette for oppføring av naust.

Naust bør byggjast i tilknyting til eksisterande naust/naustområder.

Det skal takast omsyn til kulturmiljøet ved fortetting av eksisterande naustområde.

Naust skal plasserast slik at ein der det er mogeleg unngår sprengningsarbeid.

Det skal vere ein biloppstillingsplass pr nausteining. Rett til veg og biloppstillingsplass må dokumenterast i byggjemeldinga.

3. HOVUDFORM

Naust skal ikkje byggjast eller innreiast med sikte på å nyttast som overnattingsstad. Naust skal ikkje vere isolerte.

Materialval skal ikkje skilje seg ut i høve til andre bygninger i bygningsgruppa og elles vere tilpassa naustmiljøet det står i.

Maksimal mønehøgde 5,5 m mot sjø

Maksimal grunnflate: 50 m²

1. etg skal ikkje oppdelast i fleire rom og evt. kryploft skal kun nyttast til lager

4. TAKET

Utforminga av taket skal vere saltak. Der terrenget rundt nausttomta tillet det, kan taket vere skråtak. Takutstikk skal vere knappe. Takvinkel på 35-45 grader. Til taktekking kan ein nytte dei fleste materialer.

5. VINDAUGE OG DØRER

Som hovudregel bør vindauge vere ståande og plasserast i endeveggane. Ein bør unngå store glasflater. Kun port i front. Både vindauge og dører må ha gode proporsjonar og høve til resten av bygget.

6. FARGEBRUK

Skarpe farger og skarp kvit skal ikkje brukast i strandsona.

7. FASADAR

Kledinga kan vere ståande eller liggjande og bør gå lengst mogeleg ned mot bakken og følgje terrenget. Synleg betongmur bør dekkjast til med kledning.

8. UTEOMRÅDE

Det kan støypast i båtstø frå naustvegg og 2 m nedom flomålet. Voren skal byggjast av naturstein med maksimal høgde 1,5m og breidde 1,5 m. Oppføring av flaggstenger, gjerde og rekkverk er forbode. Andre tiltak som har til hensikt å stoppe eller vanskeleggjere lovleg ferdsel er ikkje tillate.

9. FLYTEBRYGGJE

Flytebryggje i LNF – område vert ikkje tillate.

Flytebryggje på bebygd eigedom (bustad eller fritidsbustad) kan oppførast til sikring av eigaren eller brukaren sin tilkomst. Bryggja kan maksimalt vere 2,5 x 5 meter. Ved bygging av landfeste må ein unngå unødig sprengingsarbeid.